

Storfjordnytt

Tysdag 23. desember 2003

Nr. 48 – Årgang 24

Laussal kr 15,-



God jul!

Opningstider:

Julaftan	kl. 09.00 – 13.00
Romjula	kl. 10.00 – 16.00
Nyttårsaftan	kl. 09.00 – 15.00

6215 Eidsdal

Tlf. 70 25 90 09
Faks 70 25 90 16

COOP
marked



Opningstider i romjula!

	SPAR	GÅVEAVDELINGA
Laurdag 27. desember	kl. 10.00 – 18.00	kl. 10.00 – 16.00
Måndag 29. desember	kl. 10.00 – 16.00	kl. 10.00 – 16.00
Tysdag 30. desember	kl. 10.00 – 16.00	kl. 10.00 – 16.00
Onsdag 31. desember	kl. 09.00 – 14.00	kl. 09.00 – 14.00

God jul og godt nytt år!

muri
H.L. MURI AS 6210 VALLDAL

+



+

Storfjordnytt

Postboks 134
6210 Valldal
Telefon: 70 25 78 50,
Telefaks: 70 25 77 71
ISDN: 70 25 70 72

E-post-adresse:
post@storfjordnytt.no
annonse@storfjordnytt.no

Utgjevar:
Storfjord Bladlag AS,
6210 Valldal

Bankgiro: 6560 05 04023

Sats og montasje:
Storfjordnytt

Prent:
Orkla Trykk
Nordvest AS, Molde

Bladpris:
Heilår kr 540,-
Halvår kr 290,-

Student/vernepliktig,
heilår kr 270,

Redaksjonen

Randi Flø,
redaktør 917 19 637

Ingrun Myklebust,
journalist 470 16 608

Kenneth Strømsøy,
journalist 926 57 082

Alfred Nilsen,
annonsemedarbeidar
70 25 92 74

Annonseprisar:

Vanleg plass:
kr 4,30 pr. mm

Tekstside:
kr 5,30 pr. mm

Fargetillegg:
kr 350,-

Gode rabattar
for faste kundar
og for lag
og organisasjonar!

pressens faglige utvalg
PFU

Storfjordnytt arbeider etter «Vær Varsom»-plakaten sine reglar for god presseskikk. Den som meiner seg ramma av urettmessig avisomtale, vert oppmoda til å ta kontakt med redaktøren. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er eit klageorgan oppnemnt av Norsk Presseforbund. Organet, som har medlemmar frå presseorganisasjonane og allmennheita, handsamer klager mot pressen i presse-etiske spørsmål.

Adresse:
Prinsensgt. 1, Pb. 46
Sentrum, 0101 Oslo.
Tlf. 22 41 56 80,
Faks 22 41 19 80.

God jul

Denne utgåva av Storfjordnytt blir den siste i år. Som vanleg til jul, har vi prøvd å lage ei noko utvida utgåve med litt meir lesestoff enn vanleg. Ikkje alle dei gode ideane vi har hatt, har vorte sette ut i livet dette året heller, men vi kan ikkje gi opp for det.

Å lage lokalavis er alltid ei utfordring, som livet elles. Det nærmar seg eit nytt år, og vi rakk ikkje alt dette året heller.

Også det nye året er fullt av utfordringar. For ei lita avisbedrift som Storfjord Bladlag, er det spesielt økonomien som til

tider kan vere utfordringa. Folkegrunnlaget i vårt dekningsområde er heilt marginalt, det same gjeld næringsliv og potensielle annonsørar.

At det likevel er grunnlag for å drive ei lokalavis i eit område som ikkje akkurat er så folkerikt, får vi ei stadfesting på. Komande år, utpå hausten i 2004, er det nemleg 25 år sidan ein gjeng entusiastar tok til å gi ut Norddal Bygdeblad, som seinare vart Storfjordnytt. Sidetalet har auka jamnt og trutt, det same har årsverka.

Vi nyttar høvet til å takke alle som

er med på å gjere det mulig å gi ut ei lokalavis på indre Sunnmøre. Det gjeld både dei som abonnerer og kjøper avisa og ikkje minst dei som nyttar avisa til å annonsere.

Vi vil gjerne ønske alle ei god jul og eit godt nyttår.

Randi Flø

Må inn i nye lokale

Helse og Velvære Klinikken som Renata Ytterli har i Hove-bygget må inn i nye lokale utpå nyåret når bygget skal flyttast. Ho er fornøgd med driftsåret i lokala ved elva og har hatt kundar også utanfor kommunen. I løpet av året har ho avslutta eksamen i kursa antistressterapi, aromamassasje og akupressur med shiatsu. Til neste år utdannar ho seg vidare.

Skuleavslutning

Born frå småskulen tok del i eit stort syngespel om juleevangeliet under avslutninga på Valldal skule torsdag. Under avslutninga var det mange foreldre og slektningar som kosa seg saman med borna i gang rundt juletreet, program og matpause med medbrakt mat i kantina.



Frå oppsetjinga av julespelet som dei yngste elevane på skulen stod for.

Storfjord Allstar Bigband

Tradisjonen tru (for fjerde året) vert det storband-konsert med Storfjord Allstar Bigband på Storfjord Kulturhus på Stranda 28. desember, opplyser bandleiar Mari Skogly.

– Vi stiller med ein av Norges aller beste trompettrekkjer: valldølen Stian Omenås, eidsdølene Ole Jørn Myklebust og Rune Jostein Eide og engelskmannen/moldensaren Hayden Powell, lokkar Mari Skogly. – Vi har òg med valldølen Kristoffer Erstad på barytonsaksofon, og sjølvsagt ei rad andre, dyktige musikarar frå heile storfjordområdet. Dessutan har vi med oss Lena Nymark, ein ekstremt talentfull vokalist frå Langevågen, held Skogly fram.

Etter konserten vert det jamsession, med høve til å forfriske tørre struper.



Side 3



Guro Krogh Hagen

26. desember feirer du din første bursdag. Vi gratulerer og gler oss til å feire dagen saman med deg. Helsing frå besteforeldre, onkel og tanter i Valldal.



Ane Bersås Holmann

fyller 3 år 29. desember Besta og besten, onklar og tanter gratulerer.



Den flinke storesøstera **Maria Rønneberg Grønningsæter** blir tre år den 28. desember. Klem frå bestemor. Helsar også til Torkjell.



Kamilla Marie Sylte

Vi vil gratulere så mykje med 10-årsdagen din måndag 5. januar og ynskjer at du får ein kjekk dag! Helsing frå mormor og Bjarne.



Ane Bersås Holmann 3 år

Vi vil gratulere godjenta vår med dagen 29. desember. Helsing mamma og pappa.



Ingebrikt Hole

Vi vil gratulere sjarmtrollet **Tafjord** med 1-årsdagen 28. desember. Helsing bestemor, besten, tante Astrid Pernilla, tante Cathrin og tante Mari-Linn.

Julaftan 24. desember

Norddal kyrkje kl. 14.00
Gudsteneste ved sokneprest Tore Bredeli. Offer til Redd Barna

Sylte kyrkje kl. 16.00
Gudsteneste ved sokneprest Tore Bredeli. Offer til Redd Barna. Diktlesing av Merete Hauge.

Liabygda kyrkje kl. 13.30
Familiegudsteneste ved prestevikar Sigfred J. Lunde. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Geiranger kyrkje kl. 13.30
familiegudsteneste ved sokneprest Svein Runde. Konfirman-tane deltek. Offer til Kirkens Nødhjelp. Jårångskoret.

Stordal kyrkje kl. 14.00
Familiegudsteneste ved prost Øystein Kjølberg. Barnekoret Unge Røyster syng. Offer til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

1. juledag 25. desember

Norddal kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Tore Bredeli. Nattverd. Julekoret deltek. Offer til Det norske Misjonsselskap.

2. juledag 26. desember

Sylte kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Tore Bredeli. Nattverd. Julekoret deltek. Offer til Normisjon.

Liabygda kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med prestevikar Sigfred J. Lunde. Offer til kyrkjelydsarbeidet i Liabygda.

Geiranger kyrkje kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Svein Runde. Offer til Det norske Misjonsselskap.

Stordal kyrkje kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste ved kapellan Ottar Nevstad. Song ved Tonika. Offer til Norsk Misjon i Øst.

Søndag 28. desember

Eide bedehus kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Tore Bredeli. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

Dyrkorn bedehus kapell kl. 11.00

Gudsteneste ved prost Øystein Kjølberg. Offer til Misjonssaliansen.

Nyttårsaftan 31. desember

Sylte kyrkje kl. 23.00
Kveldsgudsteneste ved sokneprest Tore Bredeli.

Torsdag 1. januar

Liabygda kyrkje kl. 12.00
Høgmesse ved prestevikar Sigfred J. Lunde.

Stordal kyrkje kl. 17.00
Gudsteneste ved prost Øystein Kjølberg. Nattverd. Offer til Møre i misjon.

Hjarteleg takk

for all omtanke, blomsterhelsingar og deltaking ved vår kjære mor Margith Gjerde sin bortgang.

Takk til VTS for omsorgsfull pleie. Jens, Marianne, Janny, Kirsten, Knut Palmar med familiar

Hjertelig takk

for oppmerksomhet, blomster og hilsner i anledning vår mor, bestemor og oldemor, Ruth Opland sin begravelse.


Guro og Grete med familier

Hjarteleg takk

til alle som kom meg i hug med blomster, gaver og helsingar til 90-årsdagen min.

Marie Lingås

HÅREK



Budsjettet i Stordal

Utanom auka i rammene til helse- og sosialsektoren, og dei endringane dette førte til, vart budsjettet i Stordal vedteke likt med framlegget frå formannskapet, som Storfjordnytt refererte frå sist veke. Alle vedtaka var samrøystes.

Like gode på likestilling

Norddal og Stordal kommunar får ein delt 104. plass på ei rangering som Statistisk Sentralbyrå har laga over dei mest og minst likestilte kommunane i Norge. Berre Volda, på 17. plass, får betre plassering mellom kommunane i Møre og Romsdal, som er verste fylket i landet. Rollag kommune er mest likestilt i Norge, medan Farsund hamnar sist, på 434. plass. Det er Sunnmørsposten som melder dette.

Satsar på menneskeleg utvikling og teambygging

Norddal Næringshage arrangerer i desse dagar kurs i typeforståing og teambygging for bedriftene i næringshagen. Det er firmaet Moland Kompantase og Rådgivning som er kurshaldar. Kurset har som mål å skape god samhandling mellom bedriftene, som i sin tur kan bidra til å sikre god kvalitet i alle ledd og god effekt for felleskapet og den einsskilde bedrift. Samhandling kan òg bidra til å skape eit godt grunnlag for effektivt samarbeid mellom bedriftene, og korleis bedriftene skal fungere best mogleg seg imellom. Eit viktig mål med kurset er å få felleskapet til å bevege seg frå ei "eg"-fokusert tenking til "vi"-fokusert tenking.

Aukar rammene til helse

Stordal kommunestyre vedtok samrøystes å auke rammene til helse- og sosialsektoren med 200.000 kroner. Men den reelle auken er på 100.000 kroner, og det meste kjem frå oppvekstsektoren.

KENNETH STRØMSØY

Det er svært uvanleg at Stordal kommunestyre gjer vesentlege endringar før siste budsjettvedtaket. Men eit brev til dei fire partileiarane frå dei tillitsvalde ved Stordal alders- og sjukeheim, førte til samrøystes vedtak om å auke rammene til helse- og sosialsektor med 200.000 kroner, frå 13.004.000 kroner til 13.204.000 kroner.

Det var Senterpartiet ved Per Ivar Skodjereite som kom med framlegget om å auke rammene. Partiet ville ta helvta av pengane frå den forventa auken i arbeidsgjevaravgift og helvta frå reservefondet for løn, pensjonar og anna. Framlegget vart raskt stødd av Arbeidarpartiet, medan Høgre uttrykte ein del skepsis.

200.000 vart 100.000

Økonomisjef Torbjørn Emblem gjorde merksam på at framlegget i røynda innebar å flytte

100.000 kroner innan helse- og sosialsektoren, slik at den reelle auken berre ville verte 100.000 kroner. Helvta av lønsutbetalingane i kommunen er nemleg i helse- og sosialsektoren, og dermed vil helvta av både auken i arbeidsgjevaravgift og løns- og pensjonsauken kome frå denne sektoren.

Innlegget frå økonomisjefen fekk ikkje den store verknaden: Etter eit gruppemøte gjorde Høgre det klart at partiet ville stø framlegget frå Senterpartiet, dersom auken ville gå til å styrke bemanninga. Dei bad òg om at det innan 15. januar vert lagt fram ein mellombels rapport om omorganiseringa i helse- og sosialsektoren, og at det samstundes vert gjort greie for korleis det går med budsjettet. Dei andre partia var samde i tilleggspunkta, og rammeauken vart samrøystes vedteken.

I ettertid forklarar økonomisjefen at auken i arbeidsgjevaravgifta er rekna til å verte 1.006.000 kroner, og helvta av dette vil kome i helse- og sosialsektoren. Når potten til dette føremålet no er kuttet til 900.000 kroner, kjem helse og sosial til å mangle 50.000 kroner til sin del av auken. Samstundes er det truleg at lønsauken vil verte større enn det som er att på reservefondet, og dermed får sektoren endå ein minuspost. Desse tapa må dekkjast innan dei vedtekne rammene. Sluttresultatet vert at rammene til helse og sosial er auka med kring 100.000 kroner i høve det opphavlege framlegget, ikkje 200.000 kroner,

slik det ser ut i vedtaket.

Emblem forklarar òg at det meste av realauken til helse og sosial kjem frå oppvekstsektoren, sidan den nest største lønsmassen i kommunen er her. I tillegg må noko dekkjast inn av teknisk sektor og sentraladministrasjonen, men her er lønsmassen relativt liten.

Ikkje auken bemanning

Helse- og sosialsjef Anna Margrethe Drægebø Moe fortel at vedtaket i kommunestyret ikkje fører til auke i bemanninga: – Vi vil kunne redusere stillingskutta i høve til det vi hadde tenkt, uttalar Drægebø Moe, som presiserer at ikkje vert snakk om oppseiingar, men om å la stillingar stå vakante.

I ein kommentar til det opphavlege budsjettframlegget, skreiv helse- og sosialsjefen at sektoren ville verte nøydd til å kutte mellom ei og to stillingar, for å få budsjettet i hop. Dette inkluderte den sjukepleiarstillinga som har vore vakant sidan i vår. Dette held ho fast ved, og forklarar at den vedtekne budsjettauken på 200.000 kroner berre kan redde noko av dei varsla stillingskutta. Ho var ikkje orientert om at den reelle auken er på helvta av dette.

Frå glede til fortviling

Ellinor Vestre, som er tillitsvald for hjelpepleiarane i Fagforbundet, var overlukkeleg over vedtaket i kommunestyret. Men no er ho forferda:

– Eg høyrde at økonomisjefen sa noko om kvar pengane vart tekne frå, men eg oppfatta

ikkje heilt kva han eigentleg meinte. Eg var viss på no får vi endeleg attende den vakante sjukepleiarstillinga. Men ein får jo ikkje ei halv stilling ein gong for 100.000 kroner! Eg var så glad, og eg trudde vi hadde vunne fram, men viss det er slik du seier, er det forferdeleg. Var eigentleg politikarane klare over kva dei gjorde? spør Vestre.

Spørsmålet går vidare til Per Ivar Skodjereite, som kom med framlegget i kommunestyret: – Dette vil eg ikkje kommentere før eg har snakka med økonomisjefen. Eg oppfatta at han meinte 50.000 kroner vart flytta internt i sektoren, men ikkje at det var snakk om 100.000 kroner. Før eg har snakka med økonomisjefen, vil eg heller ikkje kommentere at han meiner det meste av realauken på 100.000 kroner kjem frå oppvekstsektoren, uttalar Skodjereite.



Helse- og sosialsjef Anna Margrethe Drægebø Moe orienterte kommunestyret om tilstanden i helse- og sosialsektoren i Stordal kommune.

Stogga vatnet frå Sætregrova

Den såkalla Sætregrova i Hovslia er potte tett, og regnvatnet som fløynde ned onsdag og torsdag, måtte førast anna veg. Teknisk etat og brannmannskap kom på plass i tide, og fekk grave ei brei grøft nedover langs Hovslia, slik at det ikkje vart nokon skade. Avdelingsingeniør Einar Lied fortel at Sætregrova ligg så djupt at ho er uråd å reparere, og einaste løysinga er å leggje nytt røyr. Dette vert eit relativt stort arbeid, som vil ta til på nyåret.



Det måtte gravast ei større grøft langs Hovslia for å leie vatnet unna. Grave-maskina frå Busengdal tok grovarbeidet. (Foto: Kenneth Strømsøy.)



Leif Rune Vinje var mellom brannmannskapa som vart kalla ut for å unngå flaumskader i Hovslia. Det vart ein del grøftreinsking, men det gjekk bra til slutt.

og sosial



Ein alvorstyngja Per Ivar Skodjereite (Sp) gjer framlegg om å auke rammene til helse- og sosialsektoren med 100.000 kroner. Partikollega Ingrid Løset er ikkje mindre prega av situasjonen.



Fire hjelpepleiarar hadde møtt fram for å følgje debatten i kommunestyret. Frå venstre: Tillitsvald Ellinor Vestre, Therese Landro, Iren Pedersen og Mariann Bjørdal.

Lagar system for digitalisering

Norddal kommune har eit arkiv av gamle bilete som skal digitaliserast. Før ein startar arbeidet med dette, skal det utviklast eit system for korleis ein legg inn bilete og informasjon knytt til dei. Storfjordnytt har fått i oppgåve å gjere dette arbeidet, i samråd med kommunalt tilsette og Fylkesfotoarkivet. Etter handsaming i Driftsutvalet 8. desember vart det sett av 10.000 kroner til arbeidet frå årets budsjett.

Fekk ikkje frådele tomt

Formannskapet i Norddal valde 15. desember å seie endeleg nei til frådeling av sel med tomt på Valldalssætra som det er søkt om. Saka var klagesak på tidlegare vedtak.

Slektningar som er knytte til gardsnummer 8, bruk nummer 3, som ikkje bur i Valldal, ynskjer å ha selet og 0,5 daa omland til fritidseigedom. Ifølgje utgreinga som ligg ved saka, har det i det private skiftet ligge til grunn at dei som sa frå seg odelsretten til garden skulle ha rett til hyttetomt. Kommunen på si side meiner dei ikkje har plikt til å ta omsyn til dette. Dei argumenterer med at frådeling av eit produktivt jordbruksareal på ein landbrukseigedom ikkje er forsvarleg etter jordlova sin paragraf 12.

Under røystinga ville Signe Brenna gi løyve til frådeling, resten av formannskapet gjekk inn for rådmannen sitt forslag. Dette forslaget gjekk ut på å halde på opphavleg vedtak i saka, sidan klagen ikkje kom med nye, vesentlege moment.

Ber idrettslaget vente

På formannskapsmøtet 8. desember avgjorde politikarane å løyve tilskot og lån til Valldal Idrettslag til kjøp av ny trakkemaskin. Saka kom på bordet som ekstrasak. I formannskapsmøte 15. desember kom Per Arne Løvoll med framlegg om at kontrollutvalet ser på om politikarane har handsama saka rett. I punkt to i framlegget ber formannskapet idrettslaget om å vente med å realisere kjøpet. Signe Brenna la til to punkt til dette forslaget. I det første punktet blir det stilt spørsmål om denne type saker kvalifiserer til støtte frå næringsfondet. Vedtektene skal reviderast på nyåret. Det andre punktet går på at ein må unngå å få saker som skal handsamast framlagt først i møtet.

Forslaget frå dei to politikarane vart vedteke med fire mot tre røyster.

Utvida Grendacup

Laurdag i romjula er det igjen duka for Grendacup i Stordalshallen. Det som først var ei fotballturnering inkluderer no stadig nye aktivitetar. Nytt i år er at klatrevæggen blir tilgjengeleg for alle som har lyst å prøve. Det er også miniatyrskyttebana (innandørs) og trampolina. Instruktørar i alle greinene vil bistå med hjelp.

Ein annan nyskaping blir volleyballturnering. Det er meldt opp åtte grendelag i følgjande aktivitetar: Fotball, taudraging, skyting og volleyball. For å understreke at turneringane først og fremst skal vere moro, blir det sett opp vandrepokal til det laget (grenda) som har dei beste supporterane, har størst breidde i laga sine og til dei som lagar mest show.

Det vert sal av mat og drikke heile dagen, lynlotteri og dans om kvelden i regi av fotballgruppa. Cupen har blitt ein treffstad for vener og kjende i jula, og det er ikkje nødvendig å delta i aktivitetane for å ta ein tur innom, melder kulturkonsulenten i Stordal.



Det var mest uråd å hente posten utan vadarar.

Optimistpris til Stordal Møbler

- Stordal Møbler har
- fått Ida og Per Kleivas
- Optimistpris for 2003.
- Det var første gongen
- prisen vart delt ut.

KENNETH STRØMSØY

Optimistprisen vart skipa av Ida og Per Kleiva i sommar, i samarbeid med Norsk Fjordsenter i Geiranger. Prisen skal gå til ei verksemd, ein organisasjon eller ein privatperson i Storfjord-regionen, som har vist særskild optimisme, nysatsing og evne til omstilling. Den første prisvinnaren vart Stordal Møbler, og dagleg leiar Finn Helge Nustad i Norsk Fjordsenter delte ut prisen under ein julemiddag for dei tilsette i Stordal Møbler på Kafé Lupinen i Valldal. Nustad fortalde at det faktisk var Stordal Møbler som inspirerte til heile prisen:

– Då Per Kleiva skulle opne utstillinga på fjordsenteret i sommar, henta eg Ida Kleiva på Vigra. Vi hadde god tid innover, og på vegen fekk vi med oss ei omvising på Stordal Møbler. Ida vart mektig imponert over det verksemda har fått til, over optimismen og evna til nysatsing, både når det gjeld marknadsføring og satsing på eksport. Dagen etter opninga av utstillinga, kom ho og Per og spurde om fjordsenteret ville vere med og administrere



Ole Håvard Stavseng, dagleg leiar i Stordal Møbler, tok imot Optimistprisen, som er skipa av Ida og Per Kleiva. Prisen var eit grafisk trykk kalla "Frå andre sida". Monika Høydal (til venstre) og Anne-Berit Nyli hjalp med å pakke opp.

ein optimistpris, der den første vinnaren skulle vere Stordal Møbler, fortalde Nustad.

Prisen var eit grafisk trykk av Per Kleiva, og vart teke imot av Ole Håvard Stavseng, som er dagleg leiar i Stordal Møbler.

Før utdelinga hadde Stavseng takka dei tilsette for sær god innsats, særskilt i haust-innsputten. Etterpå takka han for prisen, og uttrykte særskilt glede over bakgrunnen til at prisen kom i stand. Han meinte prisen viser verdien ved å jobbe i lag, ha godt samarbeid og arbeide for felles mål. Stavseng fortalde elles at den

neste store hendinga er Paris-messa, som tek til 8. januar. Her vil Stordal Møbler mellom anna presentere ei heilt ny "shop-in-shop"-løysing. ("Butikk-i-butikk": Kolleksjonane til Stordal Møbler skal presenterast i frittståande, heilskaplege avdelingar.) Dessutan har verksemda for første gong laga reklamefilm, som skal visast

på nasjonalt fjernsyn i dei viktigaste eksportlanda, som er Frankrike, BeNeLux-landa, Sveits og Spania. 50 prosent av produksjonen til Stordal Møbler vert eksportert. – Vi har heile tida fokus på kva som er mogleg, sa Ole Håvard Stavseng.

Ridande på ein snøhest

Borna i Dalsbygda skule og barnehage hadde komt seg på hesteryggen sist onsdag. Etter mykje strev hadde dei laga ein snøhest med så lang rygg at det var plass til alle borna oppå. Det viste seg at hesten var gravid, så det bar til med fødsel også like etter rideturen.



Borna er frå venstre: Per Monrad Grønningssæter, Helena Schulz, Arne Hollum Relling, Guro Grønningssæter, Maria Grønningssæter, Thomas Bjørneberg og ståande er Mari Hjelle. Ho som hjalp dei med hesten heiter Ann Kristin Lunden.

Veldig, veldig få trenger ikke BSU



Bolig
Spring for
Ungdom

SPAREBANKEN
MØRE





Godt nytt!

Bibeltekst: Johannes 1, 1-14:

I begynnelsen var Ordet. Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud. Han var i begynnelsen hos Gud. Alt er blitt til ved ham; uten ham er ikke noe blitt til av alt som er til. I ham var liv, og livet var menneskenes lys. Og lyset skinner i mørket, men mørket tok ikke imot det.

En mann stod fram, utsendt av Gud. Johannes var hans navn. Han kom for å vitne; han skulle vitne om lyset, så alle skulle komme til tro ved ham. Det var ikke han som var lyset, men han skulle vitne om lyset.

Det sanne lys, som lyser for hvert menneske, kom nå til verden. Han var i verden, og verden er blitt til ved ham, men verden kjente ham ikke. Han kom til sitt eget, men hans egne tok ikke imot ham. Alle som tok imot ham, dem gav han rett til å bli Guds barn, de som tror på hans navn. De er ikke født av kjøtt og blod, ikke ved menneskers vilje og ikke ved manns vilje, men av Gud.

Og Ordet ble menneske og tok bolig iblant oss, og vi så hans herlighet, den herlighet som den enbårne Sønn har fra

sin Far, full av nåde og sannhet

*Hør nå godt nytt som på jorderik hendte,
Hvorom det taelts og synges så vidt.
Dette er dagen som Herren oss sendte,
Hvoretter fedrene sukket så titt.
Under er skjedd, frelsen beredt,
La oss da frydes og gledes derved!*
(Norsk Salmebok nr 92, v. 1)

Mer enn 300 år er gått siden Petter Dass ga oss denne julesalmen. Nå er julehøytiden her igjen, og vi skal atter en gang få feire det underet som skjedde da Jesus ble født - og få lytte til de bibeltekstene som forteller om dette.

I sine evangelier forteller Matteus og Lukas om krybbe, gjeterne og vise menn. Evangelisten Johannes derimot bruker tunge og malmfulle ord, som fortsatt hører med til verdenslitteratures store tekster: "I begynnelsen var Ordet. Ordet var hos Gud. Ordet var Gud."

Med disse store og innholdsmettede ord sier Johannes noe om hvem Jesus var, og hvem han fortsatt er. Han trekker opp de store perspektiver: Fra evighet og til evighet, men samtidig midt i historien. Det som skjedde da Jesus ble født, settes

inn i en kosmisk dimensjon. Frelseren fremtrer som Guds ord fra evighet. I en fortettet form får Johannes sagt noe om hele Jesus liv og virke fra evighet av og fram til det som skjedde på Golgata. Ordet - Kristus - ble menneske for å fullbyrde det verk han begynte ved tidenes morgen, og som han virkeliggjorde gjennom sitt liv på jorden, sin død og oppstandelse.

Teksten fra Johannes-evangeliet taler om nåde og sannhet, ja, om nåde over nåde fra Gud, vår Himmelske Far. Om denne Gud står det at aldri har noen sett ham, men den usynlige Gud har gjort seg kjent og synlig for oss gjennom sin sønn, Jesus Kristus. Det er tilværelsens største mysterium.

Med Jesu komme til jord skjedde et tidsskille. Lyset var kommet til verden, det sanne lys som gir oss mulighet til å være Guds barn, nå og i all evighet. Fra sin fødsel i Betlehem, til døden på korset var Jesus tegnet på Guds kjærlighet. Jesu komme til jorden - hans død og oppstandelse - er menneskenes mulighet til en ny begynnelse. Alle som tar imot ham, gir han rett til å være Guds barn. Dette er et epokegjørende budskap som igjen skal

forkynnes over hele jorden.

Derfor kan vi synge videre med Petter Dass:

*Vær da velkommen, bror Jesus, vår kjære,
Vær da velkommen i menneskekjød!
Ingen så høyt vil vi takke og ære,
Ingen som fødes i moderens skjød.
Tusen god takk,
Tusen god takk,
Til deg velsignede, løftes vår takk!*
(Norsk Salmebok nr. 92, v. 5)

**Juleandakt av Marit Rypdal,
styreleder i Det Norske Misjonsselskap**



Marit Rypdal har skrevet juleandakten.



Almar Heggen er ofte tilbake ved Den Norske Opera, no som tilskodar. Som pensjonist gleder han seg over nye talent som gjer det bra på scena.



Almar Heggen vert engasjert når han snakkar om opera. Det er ei einestående karriere valldalingen kan fortelje om.

Operasongaren frå Valldal

Han reiste Europa rundt og stod på dei store operascenene. Frå La Scala i Milano til hovudoperaen i Berlin. Og så på hovudscenen i Den Norske Opera i Oslo. - Jau, det kan verke glamorøst. Men først og fremst var det beinhardt arbeid, fortel valldalingen Almar Heggen.

THOMAS REM BERDAL

Då Almar Heggen feira 70-årsjubileum i Valldal i sommar, hadde han allereie lagt 18 år som pensjonist bak seg. Karrieren er kort for operasongarar på profesjonelt nivå. Songen opptek likevel framleis Almar, og engasjementet for opera er tilstades. Storfjordnytt møter han i Den Norske Opera i Oslo ein haustklar føremiddag. Han er innom for å hente billetter til ballett-oppsetjinga av "Othello". Vi går så gjennom oslogatene og finn eit bord på Cafe Opus. Det må vere rette staden for ein prat med ein av dei fremste kulturformidlarane Valldal har levert.

Uvanleg val

- Det er utruleg at foreldra mine let meg dra til Oslo og starte utdanning på

Musikkonservatoriet. Det var kostbart, og det var eit svært utradisjonelt val for ein bondeson i Valldal rett etter krigen. Men foreldra mine var framsynte og støtta meg. Dette er eg takksam for i dag, byrjar Almar. Det var mykje musikk i heimen til Almar og dei fire søskena hans i Heggen. Sidan dei hadde piano, var Valldal strykekvartett kvar torsdag samla til øving heime hos dei. Broren Håkon var med, og primus motor var spelemannen Petter Berli. Yngstemann Almar vaks opp med musikk, og etterkvart bidro han på øvingane med piano og fele. Under krigen hadde dei eigen huslærer i heimen - norsk-svenske Gunnar Nordenlöf. Det var han som lærte Almar notar, og etter kvart vart det meir og meir pianospeling.

I 1950 flytta Almar til Oslo og tok til på Musikkonservatoriet. Norddal kommune hadde året i førevegen tilsett kommunal musikkskulelærer, som ein av dei første i landet. Ein slik jobb kunne også Almar tenkje seg. Studiane var harde og økonomien var trang for bondestudenten. Men meir og meir sikker vart han på at musikken skulle bli livsvegen.

Til Tyskland

Då han tok til å dirigere eit kor, innsåg han at han måtte lære meir om song og stemmebruk. Dette vart opninga for hans eiga songkarriere. For etter ei prøvesynging innsåg læraren raskt at den kraftige bass-røysta kunne gjere suksess i opera. Stadig meir tid brukte Almar på song og

stemmebruk, og etter kvart visste han at han ville satse på opera profesjonelt. - Songteknikk er vanskeleg, og du blir aldri ferdiglært. Heile livet utviklar du deg sjølv. Ein må syngje med heile kroppen, ein må kjenne kvar ein muskel i svelget og ein må kunne å puste på rett måte. Eg har undervist mange sjølv, og nokon klarer aldri å lære dette, fortel han.

Etter sju lange år på konservatoriet kom han seg gjennom nålauget, og fekk reise til Wiezbaden i Tyskland på eit stipend. Det var her dørene verkeleg opna seg for Almar sin songkarriere. Han gjekk i lære hos ein av dei fremste operakjenningarane i kulturbyen, og utvikla seg med stormsteg. Økonomien var igjen skral, pengane rann ut og Almar førebudde seg på å reise heim halvvegs ute i skuleåret. Då greip læraren inn. Eit slikt talent skulle ikkje gå tapt grunna pengar. Resten av skuleåret gav pedagogen Almar gratisundervising.

– Året i Tyskland var som ein draum. Operatradisjonane der er utrulege, og tyskarane si interesse for opera overgår alle andre folkeslag. Det er til Tyskland ein må for å lære opera.

Suksess i Tyskland

Almar var bondegutten Mazetto i "Don Juan" på Den norske operascenen i Oslo i 1957.

– Dette var mi aller første rolle på operaen. Det var ei veldig lita rolle, men for meg passa det jo bra å spele bonde-

gut. Og det var stort. Den første rolla er spesiell for alle. Eg hugsar framleis den mektige musikken og dei storslåtte sceniske rammene. Eg har heile tida behalde denne audmjuke kjensla overfor operaen. Det er ein heilt spesiell kunst- art, fortel Almar.

Almar skulle likevel tilbake til Tyskland. Og det skulle gå heile ti år før han var fast attende på Den Norske Opera. For i ti år stod han på tyske operascener. Etter eitt år i Wuppertal fekk han prøvesyngje for Hovudoperaen i Berlin i 1960. Almar fekk jobben og var på denne scena i eitt år.

– Det var eventyrleg å stå i kulissane og høyre verdsnamna innan opera syngje. Eg hadde elleve roller på eitt år. Det var stort arbeidspress. På ei så stor scene får nybyrjarane berre små og middels store roller. Eg var klar for hovudrollene i mitt stemmefag, så eg ville vidare.

Kontrakt og hovudroller

Og vidare gjekk han. For i hovudoperaen i Freiburg fekk han fagkontrakt og sine første store bass-hovudroller i oppsetjingar som "Den Flyvende Hollender" og "Aida". Etter tre år i Freiburg var han tilbake i Wiezbaden, der han hadde gått i lære. Men denne gong som hovudrolleinnehavar i statsoperaen. Klimaet var fuktig i Wiezbaden, og Almar var uroleg for røysta si - sin viktigaste arbeidsreiskap.

– Eg hadde mykje hoste denne tida, og legen min tilrådde meg å flytte. For folk



Almar Heggen har vore pensjonist i mange år allereie, og får gå i fred i oslogatene. I Tyskland kunne han derimot bli stoppa på gata av operaelskarar.

flest er forkjøling ei irriterande sjuke. For operasongarar er det ein katastrofe, seier Almar. Etter tre år i den fuktige byen vart difor Nürnberg siste Tysklandstasjon. Også her fekk han dei store rollene, og vart eit kjent namn blant operaelskande tyskarar. Det var ikkje uvanleg at autografjegarar stoppa han på gata denne tida.

– Etter ti fantastiske år i Tyskland var det ledig stilling ved operaen i Oslo. Eldste dottera vår var blitt skuleklar, så det passa godt å flytte heim att til Norge. Det var ikkje alltid like lett å kombinere operayrket med familielivet. Det var mykje reising og flytting, og med tre små born var det ikkje alltid lett å vere familiefar. Vi fekk likevel opplevd og sett mykje av Europa. Men det var godt å flytte til Oslo i 1969.

Fleire roller

Almar var trufast mot Oslo-operaen fram til han vart pensjonist som 52-åring. Det var mange store og mektige roller, og han kunne trekkje mange erfaringar frå Tyskland.

– Det er stor forskjell på opera i Tyskland og Norge. Men også i Oslo hadde vi eit fantastisk publikum. Når du står på ei scene, gir du alt du har, same kvar du er, seier han.

– Tre roller har eg sett ekstra stor pris på å framføre; Kong Philipp II i “Don Carlos” av Verdi, Absalon i “Anne Pedersdotter” av kristiansundaren Edvard Fliflet Bræin, og Baron Ochs i

“Rosekavaleren” av Richard Strauss.

– Som operasongar må du vere både skodespelar og songar. To roller skal fyllast. Det er ein krevjande jobb å setje seg inn i alle rollene, lære seg alle songane og få oppsetjinga til å fungere saman med andre songarar og regissøren. Sjølv om eg fekk att same rollene på ulike scener, var det alltid nye utfordringar til tolkingar og regi. Eg har spelt i alt frå tragediar til komediar, men som bass vart det mange skurke-, preste- eller kongeroller på meg, humrar Almar. For det meste gjekk oppsetjingane på tysk og italiensk, i tillegg til norsk.

Mange historier

Almar har hatt mange gjesteoppdrag på europeiske operascener. Og det følgjer mange historier med frå dei ulike scenene. Det har vore mange nervepirrande stunder før sceneteppa har gått opp. Men han bankar i bordet og fortel at han alltid har klart seg bra. Gode nerver og grundige førebuingar har gjort at han har gått klar dei store fadesene. Som student i eit gjestespel på Dublin-operaen var han sekundar frå å miste sceneentreen. I siste liten vart han skubba inn på scena, men her kunne karrieren hans vore over, meiner han. Marginane har vore små. I formelle Austerrike vart påkledaren fornærma då Almar meinte han kunne kle på seg kostymene sjølv. Kulturforskjellane er store, og historiene mange. Almar har ei storslått karriere å sjå tilbake på. Og karrieren er hektisk og

kort.

– Som norsk operasongar vert du pensjonist når du er 52 år. Då er røysta rett og slett oppbrukt etter mange års rovdraft. Eg merka det godt sjølv, og måtte gi meg då, fortel han. Han har likevel ikkje slutta å synge, og er ein aktiv pensjonist. Han har hatt fleire gjesteroller etter at han slutta ved operaen, og det er berre tre år sidan han var med i “Czardasfyrstinnen” på hovudscena. Han underviser også som songpedagog for eigne studentar heime på Kolbotn.

– Å vere operasongar var ein livsstil. Men eg trivst som pensjonist også. Det var godt å sleppe presset. Spesielt slitsomt var det å heile tida måtte tenkje på røysta. Eg var jo nesten hypokonder til slutt, av å heile tida tenkje på kva eg utsatte røysta for, ler han.

Framleis aktiv

Engasjementet for opera er høgst til stades, og Almar ventar i spaning på ny operabygning i hovudstaden. – Dagens Folketeater-bygning har dårleg akustikk og nedslitte bakrom. Det er tungt å syngje der og songarane må varme opp på toaletta. Det er på tide med ein ny opera, og det blir eit fint hus. Likevel er eg usamd i tomtevalet og meiner operaen burde ha ligge på Vestbanen. Vi har snakka om ny opera i hundre år, og dette er eit nasjonalt løft. Då er eg oppgitt over den omliggande arkitekturen og plasseringa den nye

hovudscena får, seier Almar.

Men kva tykkjer han om all kritikken mot å byggje eit så kostbart bygg for elitekulturen opera?

– Eg trekkjer parallellar til idretten. Utan einarar er det liten vits med breidde. Ei ny hovudscene i Oslo må vere som eit fyrtårn for all operaverksemde ellers i landet. Det er mange flotte amatøroppsetjingar i distrikta, men vi må ha ei stor scene for dei profesjonelle. Dessutan er eg usamd i at opera er for eliten. Eg trur opera har vore for lite kjent som kunstform blant nordmenn. Vi har ikkje hatt kultur for opera. Dette er i ferd med å endre seg, seier han.

Billettane til oppsetjingar på hovudscena i Oslo blir rivne vekk raskt. Sjølv Almar må vente til februar før han kan nytte billetten sin til “Othello”.

– Etter 40 år med opera blir eg selektiv til kva eg går og ser i operaen. Men eg er framleis ofte i operaen, og gleder meg over nye talent som kjem fram. Vi har mange dyktige kunstnarar å vere stolte av, og det er godt å vite at den akustiske musikken framleis har ein plass i eit offentleg musikkbilete som er overteke av pop- og rockmusikken, seier Almar til slutt.

Bli dregen mot klassisk

Kor mange timar det er i døgna til Stian Omenås er ikkje godt å seie. Det verkar som det er fleire enn 24.

INGRUIV MYKLEBUST

Vi sit på ein hard kyrkjebenk etter konserten med Quiet Quartet. Alle telysa er sløkte, og bandet ber ut utstyret sitt. Trompetist Stian Omenås har hatt gjesteopptreden med gruppa denne kvelden. Han kjenner folka frå før, dei har studert saman med han i Trondheim. Trommisen spelar han med fast. Han ser ikkje ut til å bry seg med at det berre var 14 betalande som kom, med ei nesten umerkeleg handrørsle vinkar han det bort, i tankane er han allereie over i nye prosjekt.

– Livet er mest musikk, seier Stian Omenås om seg sjølv. Det er det ikkje så vanskeleg å tru på når ein får eit innblikk i kvardagen hans. I sommar var han med i Europeisk Jazzorkester saman med musikarar frå heile Europa. Norge var representert med Stian og ein tubaist. Den franske klarinettisten Louis Schlavis leia prosjektet. Stian Omenås spelar i Trondheim Jazzorkester, som i år deltok på Moldejazzen saman med Jon Balke. Etter dette har han vore med på skulekonsertar i regi av Rikskonsertane for tredje år på rad. Han dirigerer Skauen Storband og Trondheim Studentkorps. Når Askil Holm er ute på turne, er

Stian Omenås blant musikarane. Saman med Gunhild Sunnli, vokalist frå gruppa Gåte, og ein tredje muskar, spelar han folketonar. Denne trioen er mest å finne på bransjefestar som manageren til Gåte klarer å booke for dei.

Og så har han turnert med fleire av banda sine. Eitt av dei er tangoorkesteret Kilombo, som opptredde i Valldal på olsok. Dei har fått platekontrakt og skal spele inn CD i januar. Etter denne oppramsinga seier Stian at nokre prosjekt ligg litt stille, som det med pianist Bjørnar Myhr i Volda. Det er nærliggande å spørje korleis han klarer å kombinere alt dette med fjerde og siste års studium på musikkonservatoriet i Trondheim.

– Det er eit utruleg fleksibelt studium. Jan Magne Førde er lærar, han reiser også mykje, vi møtest når han er i Trondheim. Og eg tar pedagogikk også, skyt han forsiktig inn.

Ein av bandmedlemmane kjem bort til Stian og deler ut inntekta etter kveldens konsert. Han får ein neve med pengar, men må litt etter levere noko frå seg att. Dei hadde gløymt at kyrkja skal ha ti prosent for leige av lokale. Det blir akkurat 378 kroner på kvar.

– Etter å ha køyrt tre timar kvar veg er dette innbringande, kjem det ironisk frå ein sliten vokalist Anita Valderhaug, men latteren sit laust. Kanskje kjem det fleire folk neste år, når dei får høyre kor bra konserten var, konkluderer trommis Ole Thomas med.

– Jula kjem alltid brått på, stadfestar

Stian Omenås. No er det juleferie, skjønt ferie og ferie... Han skal skrive musikk og øve for å bli i speleform til studioarbeidet på nyåret. CD-en til Kilombo skal spelast inn i ei arbeidskyrkje i Oslo.

Han vil til USA ein tur neste år, men berre for ein kort periode, for å sjå korleis det er, spele og få nye kontaktar. Til neste år kan det bli at han går vidare med studiar innan komposisjon og klassisk orkesterdireksjon. Musikken han lyttar til er i større og større grad klassisk. Og det å dirigere gir han kick. På den måten at ein får musikken tilbake, midt i fleisen når ein står framfor eit stort orkester. Musikken kjem inn frå alle kantar. Han veit ikkje kor lenge han kan halde på med å vere 100 prosent frilansar. Men han synest det er like skummelt å skulle gå inn i direksjonsyrket. Økonomien kan bli betre, men ein må til topps for å sikre seg ei framtid, og det er eit langt steg å gå, med mange som traktar etter dei same jobbane.

– Eg må bryte med jazz-musikken då, og gå inn i den klassiske verda, seier han tenksomt. Men det er ikkje første gong han har brote med eit «hjertebarn». Det kom til eit punkt som tenåring då han måtte velje mellom musikk og fotball, og han har ikkje angra på at han satsa på musikken. Fotball er framleis ein stor lidenskap.

Kyrkja er tømde for instrument, musikarane i Quiet Quartet legg ut på glatte vegar att, Stian finn trompeten og drar heim.

O bli me mej



Stian Omenås var gjesteartist hos gruppa Quiet Quartet som spelte i Sylte kyrkje tysdag.



Utallege lys var tende rundt musikanane. Ole-Thomas Kolberg spelte trommer.

Nært, åååå så nært det vart då Anita Valderhaug frå Quiet Quartet gjekk inn i kyrkja åleine, stilte seg opp og song «O helga natt».

INGRIN MYKLEBUST

Og det nære og stille heldt fram. Denne førjuls tysdagskvelden var det berre 15 personar som hadde teke seg tid til å oppsøkje kyrkja. Anita Valderhaug fekk oss til å setje oss nærare henne og musikanane, og så heldt ho fram med «Mitt hjarte alltid vankar». Ikkje slik vi er van med å høyre den gamle salmen, men med innleving. Og eit vart piano som slår følge, og så ein kontrabass etterfølgt av trommer og til slutt med gjesteartist Stian Omenås på trompeten.

Høgdepunktet i konserten kom fort. Det som treff folk heime har gjerne noko med attkjenning å gjere, og då vokalisten song «O bli me mej» på vigring, kjende vi oss att. Det var nesten som å høyre vår eiga dialekt i den frie gjenskrivinga

av «O bli hos meg». Når Anita Valderhaug syng tekstar som ho har tilpassa si eiga dialekt, er ho og songen eitt. Dette nummeret ga frysningar på ryggen heile vegen, alt frå den varme stemma berre følgt av bass-komp frå Lars Martin Wiik, til vispetrommene til Ole-Thomas Kolberg og pianoet traktert av Steinar Nickelsen kom med, til den meir enn overbevisande trompetsoloen til Stian fletta seg inn.

Atmosfæra på barneværelset vart ført inn i kyrkja då gruppa spelte «Kjære Gud jeg har det godt» og «Jeg vet en deilig have». Dette er sjeldan kost å få i konsert-form. Quiet Quartet lagar kunst av det som er så nært at vi nesten ikkje ser det.

– Her kan dokke hoste, no treng dokke ikkje sitje så stille, her blir det meir liv, sa Valderhaug før bandet trakka til med «Kling no klokka» i ein oppjazza versjon. Dei følgde på med «Det er makt i de foldede hender», «Come Sunday», «The Christmas Song» og «Deilig er jorden». Men ikkje noko av dette kunne måle seg med sangar sunge med sjel på vigring, sett frå benkerad fire.



Ein rehabiliterande stammer

Eit kurs i Oslo gjorde underverk for Terje Vang. Han har stamma sidan ungdomsskulen, men no kallar han seg ein «rehabiliterendes stammer».

KENNETH STRØMSØY

– Det var eit beintøft kurs. I tre dagar starta vi klokka seks om morgonen og heldt det gåande til halv elleve om kvelden. I tillegg hadde vi introduksjon første kvelden, fortel Terje Vang.

Terje tok til å stamme då han gjekk ungdomsskulen i Steinkjer, og han legg ikkje skjul på at det er mobbing som ligg bak. Mykje og alvorleg mobbing. Det tok til i barneskulen og utvikla seg gjennom ungdomsskulen og yrkesskulen. Til og med i siviltenesta heldt mobbinga fram. Stamma vart gradvis verre, og då Terje kom til Stordal for tre år sidan, hadde stamma vorte så alvorleg at det var vanskeleg å kommunisere.

Talebetningskurset høyrde han om i eit program på NRK. Sidan han ikkje får inn denne kanalen sjølv, tok venen Jonas Falch opp programmet. Terje fatta interesse, men det var helsesyster Arna Øvrebust som overtydde han om å melde seg på kurset. Det angrar han ikkje på.

– Det var magi, det som skjedde i Oslo. Framgangen var heilt uverkeleg. Eg vart rett og slett ein heilt annan etter kurset. Tidlegare var det mest umogleg for meg å snakke med folk på grunn av stamma, men no kan eg ha gode samtalar, forklarar Terje. Men det er slitsamt for han å konsentrere seg om dei ulike talebetnings-teknikkane, så dei heilt lange samtalan maktar han ikkje enno.

McGuire

McGuire-kurset, som talebetningskurset heiter, tok til med ei innføring der deltakarane måtte svare på ulike spørsmål frå kurs-haldaren. Dermed vart stamma synleg. Det heile vart attpåtil filma med eit videokamera, så dei stamme kunne sjå seg sjølve etterpå. Kursdeltakarane måtte mellom anna lese høgt for dei andre, og ringje til eit hotell og spørje etter prisar eller ein gjest som ikkje var der. Seinare måtte dei òg ut på gata og stille spørsmål til folk som gjekk forbi, til dømes om vegen hit eller dit, kva klokka var eller kvar Ola Nordmann budde.

– Å spørje framande menneske var veldig nifst. Eg lurte på korleis folk ville møte meg. Men det gjekk bra. Dei fleste var svært

imøtekomande. Det verste var egentleg å vente på at det skulle kome nokon, og førebu seg på å ta kontakt.

Pusteteknikk

Ein av dei viktigaste teknikkane dei lærte på kurset er å puste djupt inn og snakke på utpust. Førebels er innpustinga ganske tydeleg hos Terje; ein kan lett tru han har meir problem med astma enn med stamma, men det er altså ein teknikk han nyttar for å halde stamma i sjakk. Med tida, når teknikken går meir automatisk, vonar han pustinga vert mindre synleg, slik at samtalan flyt lettare. Men førebels er det viktigaste at han har mykje lettare for å gjere seg forstått enn før.

For den stamme er det òg viktig å halde augekontakt med den han snakkar med, eventuelt å finne eit anna punkt å fokusere på. Augekontakten gjer det lettare å konsentrere seg, og skaper tillit. Ein teknikk som kan hende er mindre logisk, er “frivillig stamma”. Dette er ein teknikk som Terje særskilt nyttar i starten av samtalen. Dermed får han kontroll over stamma, i staden for at stamma tek kontrollen over han. Samstundes vert ikkje den han snakkar med så overraska om Terje får ei ri av ukontrollert stamma seinare i samtalen.

Sjølv om Terje Vang er godt nøgd med resultatene av kurset, merkar han at det går opp og ned med stamma. Det er mykje å hugse på, og det hender stamma får overtaket. Derfor vil han gjerne at folk er merksam på at han framleis er stam, sjølv om problemet er mindre enn før.

Til Stordal

Første gong Terje Vang kom til Stordal, var for tre og eit halvt år sidan. Avgangsklassa på møbelsnikkarlinja skulle på sunnmørstur, og sjølv om Terje hadde gått ut året før, hugsar læraren på han og inviterte han med. Dei drog først innom Hjellegjerde i Sykkylven, før dei kom til Hove Møbler i Stordal. Her hugsar Terje at dei vart tekne vel imot av fabrikk-sjef Asle Olav Olsen. Sjølv om han hadde det travelt, tok han seg mellom anna tid til å vise elevane opp til Stordalshallen.

– Eg fekk eit unikt inntrykk av bygda, sjølv om vi berre var her ein kort dag, minnest Terje.

Ikkje så lenge etter bestemte Terje seg for å flytte heimafrå og verte sjølvstendig. Han drog på jobbintervju på Hove Møbler, og





Terje Vang har gått kurs for å få kontroll over stamma. Men den beste kuren er å syngje.

vart intervju av Bjørn Holmelid og Asle Olav Olsen. Intervjuet gjekk fint. Terje minnest at han fekk god god tid til å snakke, og at korkje Bjørn eller Asle prøvde å fullføre orda for han. Det sette han pris på.

Terje fekk seg arbeid på laminaten og drog heim for å gjere klar flyttelasset – i hovudsak litt eigenprodusert møblement. I Stordal kjende han ikkje ei einaste sjel, anna enn dei to som hadde intervju han. Men han vart teken vel imot på Hove, og fekk seg ei brakke å bu i. På laminaten treivst han godt:

– Det var solide arbeidskollegaer, som godtok meg som den eg var, rosar Terje.

Etter innskrenkingane på Hove miste Terje jobben, og i dag arbeider han på Ørskog arbeidssamvirke (som snart skiftar namn til Vekst Ørskog). For det meste køyrer han ein CNC-fres, og elles vert han brukt som ein ressurs som steppar inn der han trengst. Han trivst godt:

– Det er fint å ha noko å fylle dagane med, og det er ein sosial arbeidsplass, der alle bryr seg om kvarandre, fortel han.

Trim og song

Terje seier at han ikkje veit heilt korleis han eigentleg kom med i fellesskapen i Stordal, men noko av det første han vart med på, var body-pumpptreningane. For Terje synst det er viktig å halde seg i form:

– Eg går mange turar, oftast her frå Vinjehjellane, opp til Vad og vidare eit stykke mot Overøye. Eg har enno ikkje gått heilt til Overøye, men eg har sykla opp der fleire gongar. Det er ein fin tur.

Men den viktigaste hobbyen til Terje Vang er songen. Når han får snakke om song og musikk, strålar entusiasmen av han. Songgleda vart kveikt i 18-årsalderen, men den første offentlege framføringa var på siste årsfesten for Stordalshallen.

– Eg var veldig nervøs før eg gjekk på scena,

men då eg var komen opp, gjekk det bra. Eg er veldig fokusert når eg syng, og veit at dette er noko eg kan. Sjølvtiliten stig til topps, og dermed vert stamma borte.

Favorittdansebandet til Terje er Holmsve, ei gruppe frå heimbygda Steinkjer. Dei er mellom anna kjende for melodien “Det e lov å ha drømma”, som Terje song på årsfesten. Ein stor del av repertoaret til Terje kjem frå denne gruppa, men han syng òg songar frå andre danseband, som Ole Ivars eller Gunnar Fjeldseth band.

Takk til mange

Etter årsfesten har Terje sunge på 17.mai-festen, og han har hatt fleire andre private oppdrag:

– Ingunn og Sindre Helland har mellom anna nytta meg eit par gonger, på ein grillfest og ved opninga av varmestova på Stavsengfjellet. Det sette eg stor pris på, seier Terje med takksemnd. – Elles var siste framføringa mi på julebordet til Contract Møbler, som valde å nytte meg endå dei måtte leige utstyret sjølv. Du må òg få med ein stor takk til Peter Johansen. Han stiller alltid opp og hjelper meg å rigge utstyret når eg skal opptre, held Terje fram.

Terje Vang har ein solid bank av tekstar i hovudet, og samstundes vert han alltid beden om å syngje dei mest populære songane fleire gongar. Så det er ikkje noko problem å halde det gåande tre-fire timar, med pausar kvar halvtime. Sidan han ikkje har noko band i ryggen, syng han alltid med ein CD i bakgrunnen. Dermed vert framføringane ein slags duett mellom Terje og vokalisten i dei ulike gruppene. Draumen er å finne ein CD med instrumentalversjonar av kjende dansebandmelodiar, slik at han kan syngje utan bakgrunsvokal. Men inntil han finn ei slik instrumentalplate, må han gjere det heile på sitt vis:

– Eg elsker å syngje, og dette er den einaste måten eg kan få det til på, smiler han.



Dette rotérbare CD-racket laga Terje på møbelsnikkarlinja.



Einar Kåre Hove er svært takksam for at han får kulturprisen 2003. Men som sunnmøringar fest, synest han det er mange andre som har gjort seg betre fortent til heideren.

Brenn for ungdommen

Å bruke pensjonisttida til å sitje i ein stol, er ikkje noko for Einar K. Hove. Han brukar heller tida på å gjere noko for ungdomen.

KENNETH STRØMSØY

Einar Kåre Hove vart overraska då formannskapet valde han som vinnar av kulturprisen for 2003.

– Eg synest det er mange som fortener prisen betre enn eg, seier Einar K. Hove audmjukt. – Men eg set stor pris på utmerkinga, og er svært takksam, legg han til.

Ungdommen i Stordal er nok mindre overraska enn prisvinnaren sjølv. For det er ungdommen Hove brenn for – og Stordalshallen:

– Etter at eg hadde vore så mange år vekke frå Stordal, merka eg at eg ikkje kjende ungdommen lenger. Eg kunne jo sjå kvar dei måtte kome frå, men eg visste ikkje kven dei eigentleg var. Det syntest eg var leitt. Derfor er eg glad for at eg har fått vere så mykje med oppe i hallen. Der har eg fått attende kontakten med ungdomen, seier Einar K. Hove med synleg entusiasme.

Han er òg glad for at ungdommen i Stordal endeleg skal få sitt eige fritidslokale. Men han har ikkje hatt tida til å vere så mykje med i ungdomsklubblokala; det har vore nok å ta seg til i

Stordalshallen. Stadig vekk må han opp der for å sjå til at alt er som det skal. Det er det for det meste:

– Eg må gje ros til dei som brukar hallen, dei er flinke å ordne opp etter seg, seier Hove.

Songen

Utanom ungdommen, er songen den største lidenskapen til Einar K. Hove. Han fortel at mora hans hevda han kunne syngje andrestemma allereie i fire-femårsalderen, og han har truleg det ein kallar absolutt gehør. Han har vore med i fleire kor, og den siste framføringa var med Cor-X under adventskonserten i Stordal kyrkje. Men tidlegare har han sunge både i blandakoret i Stordal, og det store felleskoret for Stordal, Lia-bygda og Valldal.

– Felleskoret fungerte veldig bra, men det var problem med dirigentane. Kåre Lervåg frå Vestnes dirigerte ei stund, men etter at han hadde vorte utsett for eit par-tre snøstormar på Ørskogfjellet undervegs til dirigeringa, slutta han, ler Hove.

Sjøen

Heilt sidan han var liten, har Einar K. Hove vore med på sjøen. Han fortel at i ni-tiårsalderen, fall han på sjøen tre gongar, utan at det skremde han. Frå konfirmasjonsalderen var han med på storsildfiske, og det var mest ikkje anna å vente enn han skulle ende opp som skipsfører. Han har mange minne frå

både storsildfiske og Lofotfiske:

– Ein gong vi låg ved den såkalla Tampa-tåa i Djuperenna nord for Shetland, fekk vi mykje meir sild enn vi skulle ha. Det var blikkstilte, og det vart bestemt at vi skulle fylle opp med sild på begge sider av dekket. Men eg kjende på trykket i hovudet, at nordavinden var på veg, og åtvare mot å fylle båten for mykje. Dessverre vart eg ikkje høyrd, og eit par timar frå norskekysten kom vinden. All silda som låg på dekk vart skylt over bord, fortel Hove med eit stort smil.

Ferja

Frå '73-'74 var Einar K. Hove ferjeskipper på ferja mellom Tafjord og Stordal. Utfordringane var mykje større for ein ferjeskipper den gongen, for ferja gjekk ikkje berre fram og attende over fjorden: – Vi starta i Tafjord klokka seks om morgonen. Så før vi til Fjørå og Valldal og attende til Tafjord. Klokka halv åtte gjekk vi utover att, men frå Valldal gjekk vi til Eidsdal, Linge og Overåneset. Der passerte vi ei anna ferje, som gjekk mellom Eidsdal, Stranda og Stordal. Vidare gjekk vi til Stranda og til Stordal, der vi kom fram i tolvtida. Så gjekk vi same turen attende, men utan noko lengre opphald, og var framme i Tafjord klokka 15, fortel Hove.

Han minnest mellom anna ei dame som kom og pikka på rorhuset ein dag medan ferja låg ved Linge: Kvinna var svensk, og lurte på kven som hadde

bestemt at ferja mellom Valldal og Geiranger skulle leggjast ned. Det viste seg at ho var reiseleiar, og ho fortalde at det store høgdepunktet på reisene hennar hadde vore ferjeturen frå Sylte. Einar K. Hove måtte fortelje at ferjetrafikken var avhengig av statsstøtte, men at staten ikkje ville støtte slik luksustrafikk som sambandet mellom Valldal og Geiranger.

Med tida vart det store endringar i ferjesambandet. Lingetunnelane vart opna i '76 og tunnelen til Gravanaset i '79. Ferjene gjekk ikkje lenger på langs av fjorden, men berre på tvers. Arbeidet på ferjene vart lagt om, slik at vaktene vart kortare og ein kunne kome på arbeid og dra heimatt same dagen. Men nyordninga var ikkje berre av det gode, fortel Hove:

– Det vart mykje meir stress. Då vi gjekk Tafjord-ruta hadde vi eigen stuert, og kom til dekkbord. Men dei siste åra eg var om bord, måtte vi ordne oss mat sjølve.

Prisen

I 1986 gjekk Einar K. Hove på land, etter at svimmelsjuken Menières hadde råka han. Men tida for at han skulle slå seg til ro, var langt frå komen. Det veit nok både ungdommen og kulturlivet i Stordal å setje pris på, og på neste årsfesten for Stordalshallen, får han delt ut kulturprisen 2003 frå Stordal kommune.

Personaltreff

Også i år arrangerte Norddal kommune personaltreff for dei tilsette. I fjorvar det over 200 som deltok på treffet som inneheldt eit tre timar langt foredrag av Ragnhild N. Grødal med påfølgjande middag og dans på Muritunet. I år vart samlinga lagt til ein onsdag. Det var litt færre som deltok, men stemninga på årets foredrag og ein koseleg middag på Muritunet gjorde også i år at dei tilsette likte seg godt!

Årets foredrag stod Torleif Lundquist for. Temaet var "Med meg sjølv som ressurs!". Det vart eit uforgløyemeleg foredrag med mykje humor, alvor, og tankevekkande innspel. Mykje visste vi eigentleg så inderleg godt frå før av, men som vi har godt av å få presentert for oss på denne måten. Det at tilsette får ei slik felles oppleving frå eit foredrag som gjer at du gjenomfører tankereiser i deg sjølv, har stor betydning.

Diskusjonane dagane etter personaltreffet gjer at vi kan dele felles opplevingar og sette nye idear og nytt initiativ ut i livet. Det at det heile vart

krydra med morosame historier gjorde at den viktige budskapet vart godt motteken og lettare å arbeide med i framtida. Tek vi oss sjølv litt for høgtidleg i inste fjordstrok? Tanken slo oss medan dei tre timane gjekk.

Foredraget var mynta til kvar av oss, same om vi no er tilsett ved Muritunet, Norddal Elverk, rekneskapskontoret, Norddal kommune, gardbrukar, gartnar, politkar eller rett og slett berre ville delta for eigen del for å få ein positiv innputt. Kjekt å møtast på tvers av arbeidsplassane på ein slik måte.

Utifrå Torleif sine utsegn er det opptil deg sjølv korleis du "tek det", kva vegval vi gjer, kva tilbakemeldingar vi gir andre, og ikkje minst kva plass vi lar dei gode tankane få inni oss sjølv. For det vi seier til oss sjølv mange nok gongar, det vert vår verkelegheit.

Musikkskulerektor Vidar Skogly spelte flott til middag og allsong på Muritunet. Stemninga var på topp, sjølv om det var midt i julestria og midt i veka. Dette vart ein god måte

å ønskje kvarandre god jul på. Idemyldringa gjekk rundt borda på kven som skal vere foredragshaldar neste år, og kvar og kva tid skal arrangementet vere. Forslaga og ideane var mange, og vi gler oss allereie.

Kva med vegen vidare for meg sjølv no då? Vart dette berre ein happening og "that's it"? Det kan det bli, sa Torleif, om du ikkje er interessert i å forandre deg. For å få det betre må vi forandre oss litt, og då er det jo opp til oss sjølv då, sa Torleif. Om du har ein eller fleire i din eigen "heiagjeng" så har du det meste for å få til å ha det så godt som mogleg, sa Torleif. Dette vart ein hovudbudskap gjennom heile foredraget. Vi treng nokon som lyttar til oss og støttar/motiverer oss langs vegen, dele gleder og dele sorger med.

Vi må gjere som Emil i Lønneberget, han tok på alvor det med å ha sin eigen "heiagjeng", han hadde nemleg Alfred han...

Referent



Det var Torleif Lundquist som heldt foredrag på personaltreffet i år.

På benken

Dei gjekk sin eigen veg, kvifor skal ikkje vi gå vår?

Om andakta som blei ei brødfjøl

I redaksjonen er vi nokre som er så måteleg fornøgde med dei andaktene som avisa abonnerer på. Ein brav journalist kom derfor med forslag om at vi kan skrive andakta til jul sjølv. Og sidan denne journalisten var einig, fekk eg heile jobben i fanget.

Eg starta med stort pågangsmot og følte eg hadde mykje på hjertet. Det skulle bli ei andakt fri for snakk om syndarar, og folk skulle få sleppe å høyre at det finst berre ei sanning og ein veg å gå. Og sidan det er jul og Jesusnamnet er på mange sine lepper, ville eg presentere eit meir nyansert syn på kva denne helteskikkelsen stod for då han gikk rundt i nærområdet sitt. Eg fekk tak i det kjetteriske Thomasevangeliet frå biblioteket, noko av det første som blei nedskrive om mannen frå Nasaret, men som aldri kom med i bibelen. Eg ville fortelje om ein Jesus som i følgje Thomas oppmoda folk om å bli kjende med seg sjølv. I eit evangelium som av ein eller annan grunn ikkje nemner lidingshistoria eller oppstanden. Skrivet er utan visjon om endetid eller verdsdom. Dette ville eg løfte fram som ei minst like stor sanning som forteljingane bibelen presenterer. Inntil eg innsåg i kva retning det bar. At eg gjorde same «feilen» som dei eg ville kritisere, gjer. Eg ville pådytte nokon ideen om at mitt syn var rettast, og det blir uansett gale, anten det kjem frå ein preikestol oppe på veggen eller frå linjene i ei «på benken»-andakt.

Så eg henta meg inn att. Det eg kan gjere utan å tre noko nedover hovudet på folk er å peike på at meistrane som blir dyrka, gjekk sin eigen veg. Både Jesus, den første Buddhaen og Muhammed gjorde det. Til liks med hordar av andre oppvakte folk som det ikkje er skrive så mykje om. Så dersom vi treng føredøme for livet vårt, kvifor gjer ikkje vi som dei og går vår eigen veg?

Betyr ikkje andakt noko slikt som «til deg» eller er det «ettertanke» som er den tyske originaltanken? I alle fall har eg lyst å gi deg noko du har bruk for her på disse linjene. Kanskje eg berre skal minne deg på ordet fridom igjen, byggje opp under motet ditt til å tenkje sjølv. Støtte deg i å vere den du eigentleg er og oppmuntre deg til å søkje det som passar for akkurat deg. Eg har ei lita ønskjeliste til jul, og det går kanskje an å presentere ho her, sidan den store andakta blei høvla ned frå syskrinet til brødfjøla som Prøysen syng om.

For jula vil eg ønskje at du får den aller beste julegåva. Om sokkane, CD-ane eller konfekten ikkje fell heilt i smak, så prøv å opne litt på den næraste gåva, den gåva du sjølv som person er for deg og dei rundt. Løys litt på banda som held inne idear som aldri får sjå dagslys, tankar som lengtar etter å bli omsette i handling, draumar som berre er toppen av eit isfjell av kreativitet. Løys litt på dei stramme silkebanda og slepp ut det som er frodig, ubrukt og inneklemt. Eg skal prøve å gjere det same. Med ønskje til alle om utviklande, balanserende og opnande juledagar.

ingrun



Mindre krig

Silje og Eirik lar gymtime vere gymtime og tek seg tid til å snakke litt om jula og eit nytt år.

INGRUN MYKLEBUST

Dei går begge på Dalsbygda skule, Silje Krohn i tredje klasse og Eirik Eliassen i fjerde. I gymsalen er det frisk musikk, og elevane dansar. Dei to har litt ulikt syn på akkurat denne aktiviteten, Silje forklarar:

– Gutane seier «å nei, vi skal ikkje danse vel» og jentene ropar «jippiiiii!» når vi skal danse.
Eirik: – Vi prøver å vere flinke å danse, då får vi

spele basketball på slutten.

– *Kvifor feirar vi jul?*

Silje: – Fordi Jesus blei fødd i ei krybbe. Vi er ganske glade for det.

– *Kva er viktigast, bursdagar eller jul?*

Begge: – Jula er viktigast!

Eirik: – Men det er akkurat det same, jula er ein bursdag. Jesus er fødd i jula, vi på andre dagar.

– *Kva er kjekkast med jula?*

Eirik: – Å få gåver.

Silje: – Å gi gåver, då får eg andre til å bli glad.

Eirik: – Men dei gir no oss viss vi gir dei!

– *Kva ønskjer de dykk til jul?*

Silje: – Ei spesiell dokke med stort hovud og store føter.

Eirik: – Eit akebrett med ratt.

– *Kva skjer om de ikkje får det de ynskjer dykk?*



og meir snø

Silje: – Vi blir lei oss om vi ikkje får det, men eg trur det var 25 ting på ønskelista mi, så eg får sikkert noko av det.

Eirik: – Ja, vi får noko anna då. Eg har gitt ønskeliste til mamma og pappa.

– *Kva har de gjort før jul?*

Silje: – Vi har pynta inne med julepynt og rydda og laga gåver.

Eirik: – Eg har kjøpt gåver.

Silje: – Vi har hatt juleverkstad her på skulen og laga julegodteri, laga peparkaker og mala bilde og pakka inn.

Eirik: – og trenissar og smørkniv som blir julegåver. Eg har sydd julegåve til mamma og besta. Sjuande klasse har pynta tre og fredag på skuleavslutninga skal vi gå rundt det.

Silje: – Då er det også skulegudsteneste i kyrkja.

– *Styrer foreldra for mykje til jul?*

Silje: – Nei, eg elsker å vere med og rydde og vaske.

Eirik: – I går var dei i byen heile dagen, dei er ikkje heilt førebudde.

Silje: – Dei brukar mykje pengar.

Eirik: – Ola har kjøpt noko til 130 kroner til meg!

Silje: – Ola, det er ein kamerat og nabo til Eirik.

– *Kva blir det å gle seg til når jula er over?*

Eirik: – Nyttårsaftan og eit nytt år.

– *Har de håp og ønskje for det nye året?*

Silje: – Å ha det morsamt og ha eit godt år.

– *Kva er eit godt år?*

Eirik: – At det ikkje er krig.

Silje: – og at det er meir snø om vinteren enn det er no.



Lars Erik Vinje har hoppa trampoline i tre år, og har òg vore med på eit par konkurransar i Oslo. Steffen Staurset har hovudet på rett plass, om ikkje rette vegen. Silje Aasen er berre med for andre gong, men svever allereie høgt under taket.

Høgt under taket

Ei gruppe lite høgdeskvetne ungdomar akrobatierer kvar måndag på trampoline i Stordalshallen.

KENNETH STRØMSØY

Det er litt sjauing med å få på plass og sikre ei stor, profesjonell trampoline, men ungdommane arbeider raskt og effektivt, og det tek ikkje mange minuttar før både trampolin og eit par-tre tryggings-tjukkasar er på plass. Det er klart for å forlate bakken, og Lars Erik Vinje imponerer ikkje så reint lite med høge, akrobatiske sjev.

For tida er det fem til seks ungdommar som er med på trampolineøvingane. Men i fjor var dei opp mot 20:

– Det vert mykje venting når det er så mange med, og eg trur det er viktigaste grunnen til at så mange har slutta, seier Joakim Helland. Formelt er det han som er instruktøren på trampolineøvingane, sidan han er den einaste som har både alderen og kurset som skal til. Men det er Lars Erik Vinje og Steffen Staurset som er dei mest røynde hopparane:

– Det er dei som kan mest, og

eg tek gjerne imot råd frå dei, smiler Joakim.

Den siste som er med på tren-

inga denne måndagen er Silje Aasen. Ho er med for andre gong, og held på å lære å lande

på baken og sprette opp att på føtene.

– Vi er nøye med at ingen

får prøve seg på noko triks før dei har hoppa rett opp og ned ganske mange gongar, seier Joakim. – Deretter tek vi eitt steg om gongen.

Ungdommane ser heilt trygge ut der dei svevar høgt under himlingen med hovuda galne vegen. Lars Erik seier han ikkje kjenner til nokon som har skadd seg dei tre åra han og Steffen har hoppa.

– Det er ei stor trampoline, og vi sikrar ekstra med tjukke matter. I tillegg står det alltid folk og følgjer med på kvar side av trampolin når nokon hoppar.

Sjølv om det er greitt at det ikkje er for mange med når ein må vente på tur, vil trampolineakrobatane gjerne ha med seg fleire:

– Etter nyttår skal Steffen halde kurs. Då har han alderen inne, seier Joakim.

Så dei som har for mykje bakkekontakt, veit korleis dei kan bli kvitt han.



Det er trygt å hoppe trampoline i Stordalshallen. Steffen Staurset, Joakim Helland og Silje Aasen passsar på medan Lars Erik Vinje akrobatierer.



Paint-ball var ein av dei populære fritidsaktivitetane som deltakarane mora seg med i varmen.



På ungdomsleiren i Polen hadde dei internasjonal dag. Då skulle alle deltakarane lage ein matrett frå sitt heimland. Magnus Sandnes heiv seg på telefonen og fekk tak i sveleoppskrift frå mor. Han fann noko som likna på surmjølk, men er ikkje heilt sikker på om resultatet kan kallast sveler eller pannekaker.

Polen i år, Island neste år

Magnus Sandnes søkte og fekk sponsa opphald i Polen i sommar. Lions-club Valldal har same tilbodet for neste år, denne gong inviterer dei ein ungdom til å vitje Island.

INGRUN MYKLEBUST

Det heile er snakk om Lions si ungdomsutveksling. Leirar der ungdommar frå europeiske land kan treffast, vert arrangerte kvart år. Også klubben i Valldal er med på dette for første gong

i år. Magnus Sandnes fortel det berre var han og broren som søkte på turopplegget til Lions tidleg i år, få, om nokon hadde merka seg annonseringa om tilbodet. Dei blei einige om at Magnus skulle reise, og i juli sette han kursen for Pznan i Polen. Han hadde små forventningar til opphaldet på førehand og visste stort sett berre at han skulle treffe ungdommar frå fleire land i regi av Lions.

Det blei to innholdsrike veker i Polen. Tidleg om morgonen vart dei vekke for å dra ut og jogge eller symje. Leirstaden låg ved ein innsjø, så i det fine veret vart det mykje badeliv. Ungdommane blei tekne med til attraksjonar og spesielle stader dagleg. Dei var innom museum og fekk også sett ein konsentrasjonsleir.

Dei tok del i aktivitetar som volleyball, bowling, kajakk-padling og paint-ball. Kvar dag hadde dei i oppgåve å øve inn noko til talent-showet siste dagen. Magnus og tre andre øvde inn ei førestilling med miming, dans og song.

Magnus var overraska over kor fint det var i Polen. Det var velfylte supermarked, fine bilar og mange velstående folk å sjå. Før han kom dit, hadde han ei førestilling om at levekåra ikkje var så gode.

Magnus delte rom med ein gut frå Tyrkia, og dei som vart kjende i Polen, har små-planar om eit vennetreff i Tyrkia i sommar.

Island

Kåre Erstad som leier ungdoms-

utvekslinga i Lions Club Valldal, opplyser at til neste år sponsar klubben tur for ein ungdom til Island. Der vert det først ti dagars skileir i barsk natur på Kerlingarfjöll. Etter dette er det sett av ti dagar til opphald i familie, kombinert med sight-seeing. Norge har fått tildelt to plassar på denne leiren, den eine av dei vil vere frå Valldals-klubben sitt nærområde. Erstad håper at dei mellom 17 og 22 år som er interesserte i Islands-turen, tek kontakt med klubben så fort som råd er etter nyttår.



Det var flott å høyre då både Valldal songlag og elevar frå skulen i Valldal song saman.

Julestemninga på plass



Det var flott å høyre då både Valldal songlag og elevar frå skulen i Valldal song saman.



Etter konserten.

Det blir ikkje skikkeleg jul før det det er halde julekonsert i kyrkjene i Norddal.

RANDI FLØ

Og det skjedde sist søndag, først i Sylte kyrkje, sidan i Norddal kyrkje.

Og det vart ein tradisjonell konsert, ikkje alle aktørane stilte i begge kyrkjene, slik at det vart ein akkurat passe lang konsert.

I år var det Sylte kyrkje som var først ute. Valldal skulekorps stod for opninga og spelte «Julenatt» og «The Christmas Song» med Anders Jørgen Gjerde som dirigent.

Bjørng Sætren Kleppe las ei artig historie av Alf Prøysen, som handla om ei lita grend, der folk var så fæle til å gløyme. Dei gløymde nesten at det var jul også, men då dei kom på det veslejulaftan, ordna alt seg likevel.

I Valldal Hornmusikklag sine første to nummer var det ei lita antydning til oppjazzing, det var «Romjulsdrøm» og «Ninas vise». I sistnemnde spelte Petter Lingaas solo. Dei avslutta med «Det hev ei rose sprunge», og julestemninga kom retteleg på plass.

Valldal Spelemannslag spelte ein brudemarsj og «Eg er så glad kvar julekveld.»

Før Valldal Songlag sleppte til, stilte elevane ved mellomsteget ved Valldal skule og song «Stille natt», med Lina Ødegaard som stødig og klar solist. Songlaget hadde også «Stille natt» på programmet, med Anne Everinghoff som solist. I tillegg song dei «Nå vandrer fra hver en verdenskrok». Til slutt framførte songlaget og elevar frå skulen «En stjerne skinner i natt.»

Konserten i Norddal kyrkje var på ettermiddagen, med nokre nye aktørar. Det var Eidsdal musikkorps, barnekoret og Quindekoret. Valldal skulekorps og Valldal Hornmusikklag var ikkje med her.



Barnekoret i Norddal kyrkje. (Foto: Alfred Nilsen.)



Det er godt å kunne lene seg på gallerirekkverket og berre nyte musikken, ekstra kjekt når det er så mange av utøvarane ein kjenner.



Nokre av medlemmene i Valldal Hornmusikklag.



Bjørg Sætren Kleppe stod for opplesinga.

Julekryss 2003

DYRET	JULAS KJERNE:	SKIP	GNAG	LEE	BY	PREP.	PUB	FISK	GREP RETT	J.NAMN	RENN	LIKE	KRYSS- ORD	ORG. 6.NAMN	STEIN	ÅTE	SKADE STIL	SLEDE	GRSTOFF	↷			
				PREP.		RASA	SYT	DYRET															
		KONJ. FARGE		FØLGJET SKÅL							OM- GANG	PREP.								VA			
			SNARE	ALM. FORK. TRE			SNARE	MOD- ERNE KONJ.		SKAFFET NR.1						USSEL							
FØRSTE MANN	↓		VEN- ARE						INTERJ. OFRA			URAN MÅL		FUGL	SPANIA	I ORDEN RADIUS				REI- SKAP			
TRIM										VITNE FLOKK							KONJ. GRIPE			KNE			
LENDE LEVER			J. NAMN	ETTER KRISTUS		ROM ETSE									LUR	MØTE- STAD- ENE		ELEK- TRISK VETO					
BYE		OPP- DRETT		TA				FEST					SKULD KUNST- FORM										
	↓	ROT PREP.				SMERTE ART.		VÆGAR TIGGE			NÅTLE ELD- STADER		ORG. BYGD			LENDE SØT- SAKA							
DRIKK DUO				RETT	HOP			TON- ART	MÅL	DEL AV BOK				RETT									
		SINT		↻	↻	↻				DEL AV BOK													
			DEL			GULL PUSS		LAND- INGS- STAD					JULE- KRYSS SN 03		MORO- SAM SKADE					ØVE	TRE	GIGA	
LIKE	↓	ELV		↑	PRON.		FYR	HEMPE	RØRE					DYR KANT						GARD I VALL- DAL		DYR	
		PYNT	TREFF TUTE					SVE- RIKE	FUGL→					FASE LEVER		VINK							
FAG- NING						TO		DRIKK TRE- VERK						REIN								JOULE 5	
SVELLE				SPA- NIA		RET- NING	RESTAR TELTA							SKUR		TRE- SLAG							MÅL
STYRE HINNE				HØG- TID				SKRIKE															
TRØTT		SESS						BIL- MERKE PELS															
	↻					OTTE HJUL			ETTER- SKRIFT														LOKKE
HALL	YTRA	SLAG	MORO	PO- LEN	LENDE SØVN									DRIKK PORT									
	VERV VILL									PRON. SMILTE													
FISK GR			BYGG					DRIKK															
				BERG				AR- BEIDE															



Påskekruss

A	T	A	B	A	A	E	T	T	R	E	F	O	T	G	A	P	A	R	R	E	A
K	A	L	K	E	N	E	U	R	O	E	S	P	E	N	A	G	R	O			
T	O	R	I	O	N	V	E	L	E	T	A	R	A	R	G	A	N	G	E	N	
O	M	R	V			R	A	S	T	I	S	D	S	D	U	K	A	N	E		
V	E	R	A	E	A	D	E	L	E	S	E	A	R	Y	L						
E	S	M	E	R	T	E	K	E	I	N	V	S	E	R	L						
S	T																				
S	T																				
T	Y	R																			
A	R																				
G																					
V	T	R	O	G																	
V	I	E	R	E	N																
H	I	P																			
E																					
V	A	G	L	A	N	E															
S	E	L																			
S	N	A	R																		
T	A	V	L	E																	

Vinnarar av påskekruss 2003

Asbjørn Storås, Molde

Jorunn Relling, Norddal

Magny Hauge Vestre, Fjørå

Namn

Adresse

Postnr. Poststad

Løysinga sender du til:
Storfjordnytt, postboks 134 – 6210 Valldal,
innan 20. januar 2004



Frå venstre: Sandy og Hagen med borna Sabrina og Jasmin. Wenke og Steffen med vesle Marvin på arma.

Eidsdal vart draumestaden

Tre tyske familiar frå Berlin-området har funne seg godt til rette i Eidsdal. Familiefedrene arbeider alle som avløysarar.

INGRUN MYKLEBLUST

Sandy Hodea og Hagen Hähnel med borna Sabrina og Jasmin er dei siste som kom. Dei har busett seg i ei leiligheit nede ved kaia og har som mål å kjøpe seg hus etter kvart. Dei blei kjende med Norge etter å ha vore her på ferie i seks år. Dei siste to åra snakka dei om å flytte hit. Det sjette året ferierte dei i Valldal, og den tyske venen Stefan, som allereie budde her, kom på besøk frå Eidsdal. Hagen fortalte Stefan at han var interessert i å finne seg ein jobb i Norge, og siste dagen av ferien køyrde dei til Arild Eide i Eidsdal og snakka med han om avløysararbeid. Dette var i september. I midten av november drog han tilbake til Norge og tok til i arbeidet som avløysar.

Hagen er utdanna bakar, men 14 år i yrket er nok, forklarar han. Det går greit å vere avløysar, det er betre å arbeide morgon og kveld enn å

skulle starte midt på natta.

Sandy kom med borna til Eidsdal i april i år. Ho var redd for å flytte, og var ganske nervøs for korleis ho og familien ville bli mottekne i det nye landet. Ho har fått seg jobb i kafeen og der er det lett å kome i kontakt med folk. Hagen gjekk ei stund på norskkurs, men fann etter kvart ut at han lærer meir på arbeid og av å vere på kafeen og snakke med dei andre gjestane. Det vart vanskeleg å skulle lære nynorsk.

Og kva er så forskjellen mellom dei to landa? Norge er avgjort rolegare, seier dei. Det gjeld både skule, jobbsituasjon og miljøet elles. I Tyskland startar skulen gjerne klokka sju og dei er 35 elevvar i klassen. Lærarane er strenge med elevane. Barnehagane i Tyskland tek ikkje inn born som brukar bleier, og to tilsette kan ha ansvar for 15 born, fortel Sandy.

Etter å ha drukke kaffi og smakt på tyske spesialitetar hos familien nede ved sjøen, går turen vidare med kamera og blokk oppover gata til **Wenke Remus, Steffen Schulz og vesle Marvin. Og lat oss heller ikkje gløyme bullterrieren Maggie.** Steffen kom i mars 2002 og Wenke og sonen i mai. Steffen fekk seg jobb hos bøndene på Eide, ho har arbeidd på Petrones Gjestgiveri og som tysk guide i Geiranger. Og kvifor kom dei til Eidsdal? Det er det mange som har spurt dei om. Det er litt vanskeleg å forklare det, seier Steffen. Han hadde vore her to gongar på ferie utan



Frå venstre: Johannes, Peter, Anneliese, Kathrin og Luise.

familien og syntes det var eit kjempefint land. Det var vanskeleg å finne jobb for han i Tyskland, så han pendla til Lichtenstein, Austerrike og Sveits for snikkaroppdrag. Wenke hadde fast jobb i heimlandet. Pendlinga og det at vesle Marvin blei fødd, gjorde at dei ville leve på ein annan måte.

Det var lett å få avløysarjobb i Eidsdal, han prata med bøndene og så var det gjort. Sidan han er utdanna snikkar, får han også anna arbeid utanfor fjøset. Det var med vilje han ville Wenke skulle kome i slutten av mai, det er ei fin tid her, ler Steffen lurt. Ho skulle sjå om ho trivdest og ville ha litt tid til å tenkje seg om. Etter ei veke spurde han henne om ho likte seg, men ho ville ha meir betenkningstid. Etter to veker sa ho OK, vi blir, og dro til Tyskland for å pakke sakene.

Dei har flytta langt, men Steffen meiner det blir det same om ein flytter 2-300 kilometer, eller 1700 kilometer som dei har gjort. Ein får berre tid til å besøke familien eit par gongar i året likevel.

Dei to merkar ingen motstand mot framande her, det er som å vere heime. Dei er godt i gang med å pusse opp Schmidt-huset som ligg inntil vegen i Eidsdal sentrum. Steffen seier han hørte frå ein som hadde høyrte frå ein annan at huset var til sals. Det blei kjøp og nesten brann like etter at dei flytta inn, for pipa tok fyr då dei skulle prøve ho. Etter kvart skal huset restaurerast heilt og fullt. Det er 44 vindauger som skal skiftast, og det er ikkje gjort på ein dag, sjølv med ein snekkar i familien.

Familien kjem opprinneleg frå Guben, ein by litt mindre enn Ålesund. Jula skal dei feire i Eidsdal. For Steffen har ikkje jul så stor betydning, men dei skal kanskje ha eit juletre med lys. Wenkes familie har vanlegvis potetsalat med pølser til julemat, men det er også vanleg med gås eller and på menyen.

For å treffe familie nummer tre, som kom først til Eidsdal, drar vi til Skuset. Her bor **Peter og Luise Hübner med borna Anneliese, Johannes og Kathrin**. Dei to eldste sønene har blitt igjen i Tyskland.

Første gongen dei kom til Norge på ferie var i 1993. Sidan har det blitt mange turar, og dei siste av dei var med ei 30 år gammal campingvogn på slep. Med vogna for dei heilt til Lofoten, trass i åttvarande røyster heimanfrå, som ikkje trudde ho ville halde til Norge. I Lofoten traff

dei tyske turistar som hadde ei endå eldre campingvogn! Dei har også opplevd skiferie på Tynset i 25 minusgrader og har feriert i Sverige. Syden har aldri freista som feriemål.

Påska 2000 kom dei til Norge med campingvogna på slep. Dei hadde kontakta Gert Rietmann, etter å ha oppdaga eni annonse han hadde sett inn i avisa for arbeidsledige på heimstaden deira. Rietmann hadde eit jobbtilbod for Peter på Vigra. Peter var nyutdanna fysioterapeut, etter å ha jobba lenge innan landbruk. Vigra viste seg å vere feil stad for familien, det forstod dei så snart dei kom dit. Medan Peter var på Rietmanns kontor, kom det inn ein faks om avløysarjobb i Eidsdal. Peter visste med ein gong at dette var jobben for han, utan å ha sett staden. Det blei møte med Eldar Kleiva, Per Arne Løvoll, Jon Kåre Løvoll og Svein Ove Årset, fortel Peter. Han vart vist rundt på gardane og fekk sjå huset på Skuset. Inntrykka var positive. Vel to veker seinare var han i arbeid.

Eldste dotter i familien, Kathrin, seier det var vanskeleg å dra frå venane og ta til på skule utan å snakke eit ord norsk. Men på dei tre åra ho har gått på vidaregåande på Stranda, har mykje skjedd. Ho snakkar flytande norsk, og har gode resultat i norskfaget. I Tyskland gjekk ho og dei andre synsskadda syskjena på spesialskule for synshemma. I Norge er klassane så små at dette ikkje er naudsynt, ho og broren får den hjelp dei treng i vanleg skule.

Også familien Hübner er samde i at Tyskland og området rundt Berlin som dei kjem frå, er meir stressande enn Norge. Og ikkje alle kjenner alle der, som i Eidsdal, legg Johan til. Arbeidsløysa har auka år for år i heimlandet. I følge Peter vert dei arbeidslause i stadig større grad utstøytte av dei som har arbeid. Dei sosiale kontaktane forsvinn med jobben.

– I Tyskland skal ein vere ung og eineståande, ha spesialutdanning og ti års arbeidserfaring, ikkje vere sjuk, ikkje ha barn og ikkje vere gravid. Då er det sjanse for å få jobb, seier Peter sarkastisk. Han set pris på arbeidet han har som avløysar i Eidsdal og likar at fjøsane ikkje er så store som i Tyskland. Familien føler at alle ynskje er oppfylte. Dei har kontakt med lokalbefolkninga og arbeid, og så har dei draumen om eit lafta hus, ein gong i framtida.

+ Storfjordnytt

